



«Vi jublet for den arabiske våren for tre år siden og mente tiden endelig var kommet for demokrati, menneskerettigheter og likestilling etter vestlig modell. Slik skulle det ikke gå. (...) Der ser de ikke opp til, men ned på det Vesten representerer»



Magne Lerø kommenterer, side 2

ISIL eller IS

Mange norske medier har tatt i bruk forkortelsen IS – Den islamske staten – for å beskrive den ekstreme islamistgruppa som herjer i Syria og Irak. Det er lite skjønnsomt.

Gruppa var tidligere kjent som Den islamske staten Irak og Levanten (Isil) (alternativt Den islamske staten Irak og Syria, forkortet Isis). 29. juni erklærte

de en egen stat (kalifat) i disse to landene etter å ha erobret betydelige områder, og gruppa byttet samtidig navn til IS.

Navnebyttet har fått innpass i norske medier, Vårt Land og Dagen inkludert. Dersom det avgjørende for denne beslutningen har vært at man skal bruke det navnet som gruppa selv oppfatter som det korrekte, er det et beslutningsgrunnlag som er for tynt. Navnet «Den islamske staten» formidler noe langt mer enn selve bokstavene, det in-

dikerer at det faktisk finnes en slik stat, noe det ikke gjør.

Anders Romarheim, forsker på terrorisme, og har reagert offentlig på denne navnebruken: «Det er ikke en stat, og skal ikke bli en stat. Synes ISIL er bedre», skrev han nylig på Twitter.

I et medium som har en ansvarlig redaktør, er det vedkommende som er – nettopp ansvarlig – for det som mediet formidler. Det gjelder også navnebruk.

Petter Olsen

vårtland

Verdidebatt.no

Søk etter tema og/eller bloggere

Registrer deg

Logg inn

Forsiden ▶ Nyheter ▶ Lyd og bilde ▶ Meninger ▶ Ettertanke ▶ A - Å ▶ Valg

Søkeord

Flere tusen debatterer på Vårt Lands diskusjonssider på nettet.

Debattantene oppretter sin egen blogg og publiserer sine innlegg selv.

Du kan lese hva kjente, meningssterke personer framfører av meninger.

Og du kan delta i debatten. Det gjør du ved å enkelt registrere deg på verdidebatt.no.

Du må delta med fullt navn. Dette sikrer en saklig og «renslig» debatt. Tjenesten er gratis.

KRONIKK PILEGRIMSREISER

Vi har i dag lett for å gløyma det preget St. Sunniva og pilegrimsfarten til skrinet hennar, må ha sett på Bergen i mellomalderen.

Bergen som pilegrimsstad



Alf Tore Hommedal

● førstemanuensis i mellomalderarkeologi, Universitetsmuseet i Bergen

«Pilegrimsbyen Bergen»! Kanskje eit framand omgrep for dei fleste i dag. «Handelsbyen Bergen» og «Hansabyen Bergen» – ja – men «pilegrimsbyen» – det omgrepet er liksom forbeholdt Trondheim i vår norske samanheng. Likevel kan vi med full rett også nemne Bergen som pilegrimsby i mellomalderen. I over 350 år, frå 1170 til 1536, var relikviane av den heilage Sunniva ein sentral del av det religiøse livet i mellomalderbyen Bergen. Kanskje er det tid for at også Bergen blir litt meir medvitne sin historiske status som pilegrimsby.

Identitet. Det var altså helgenane frå Selja, personifisert i St. Sunniva, som gav denne religiøse identiteten til Bergen by og bispedøme i mellomalderen. Etter at relikviane av Sunniva vart overførte frå Selja til Bergen

domkyrkje i 1170, vart Bergen raskt eit pilegrimsmål. Byen gav, saman med opphavsstaden Selja, grunnlaget for vidareutvikling og spreing av Sunniva- og Seljumannakulten både i Noreg, i Norden og i Nord-Tyskland.

Skrinet og kulten er fleire gonger omtala i skriftlege mellomalderkjelder. Såleis blir det i 1191 fortalt at «den hellige Sunnivas legeme hviler der (i Bergen) på ein forhøyning i domkirken». Sunnivaskrinet må såleis ha hatt den typiske plasseringa for eit helgenskrin, på ein opphøga pall bak hovudaltaret og slik vo-

«Alle som kom til byen sjøvegen ville, berre gjennom velkomsten ved Kristkyrkjas mektige plassering og arkitektoniske utforming, bli minna om Sunniva»

re godt synleg i kyrkja. Dermed ville domkyrkja eller Kristkyrkja i Bergen i seg sjølv bli som eit relikvieskrin – eit symbol på helgenen som kvilte der. Med

Kristkyrkja si monumentale topografiske plassering, på det høgaste punktet på det noverande Bergenhus og like bak Håkonshallen, har domkyrkja visuell sett dominert innseglinga til Bergen. Alle som kom til byen sjøvegen ville, berre gjennom velkomsten ved Kristkyrkjas mektige plassering og arkitektoniske utforming, bli minna om Sunniva: Det er her ho kviler, den heilage jomfrua frå Irland og Selja!

Lokal forankring. Vi ser i det skriftlege kjeldematerialet at Sunniva-kulten raskt etter 1170 også får ein lokal forankring til Bergen. Alt i samband med bybrannane i 1170/71 og i 1198 verna Sunniva Bergen ved at skrinet vart bore mot lauselden, som då måtte vika. Den heilage jomfrua var dermed ikkje lenger berre dét, ei from jomfru og martyr med band til Irland og Selja. Ho hadde også synt seg som sann «patrona bergensiorum» – vernar av bergensarane. Alt på 1100-talet blir dei første offergåvene som kom inn til Sunniva-skrinet omtala, noko som syner at pilegrimsfarten til skrinet og byen då var etablert. Seinare høyrer vi til dømes i 1399 om at pave Bonifatius IX lova avlat til alle som vitja Munkeliv kloster og Kristkyrkja



i Bergen ved Seljumannamessa 8. juli og dei to etterfølgjande dagane. Dette fortel noko om den store festen som Bergen by årleg må ha feira akkurat ved Seljumannamessa. Ut frå Missale Nidrosiense veit vi at denne hovudfesten for Sunniva- og Seljumennene i seinmellomalderen var ein festdag *maius duplex*, altså av nest høgste grad. Seljumannamessa har såleis vore ein av dei store religiøse festdagane i landet, medan translasjonsfesten til skrinet og byen då var etablert. Seinare høyrer vi til dømes i 1399 om at pave Bonifatius IX lova avlat til alle som vitja Munkeliv kloster og Kristkyrkja

BILDET

Kristkyrkjetomta, Bergenhus, Bergen. Hekken markerer der kyrkemurane gjekk. I bakgrunnen: Håkonshallen. Jambført med Nidarosdomen, som markør for St. Olav og pilegrimsbyen Trondheim, blir dette eit fattigsleg minnesmerke for Sta. Sunniva og pilegrimsbyen Bergen.

Foto: Alf Tore Hommedal

festdagen må ha trekt pilegrimar til byen.

Pilegrimsfarten mot Bergen kan altså dokumenterast alt få år etter 1170. Sjølv om kulten aldri nådde same valfartsnivå som

Olavskulten i Nidaros, må medvitet om St. Sunniva ha spela ei viktigare rolle i mellomalderbyen Bergen enn det vi til vanleg tenkjer oss, både for dei fastbuande og for tilreisande. Medvitet om Sunniva-klenodiet byen og bispedømet hadde i si varetekt må ha vore sterkt. Dette går også klart fram av utbreiinga av Sunnivakulten utanom Bergen og Selja, der Bergens handelskontaktar, og ikkje minst kystvegen, har vore sentral. Ein stor del av dei i alt 23 bevarde ikonografiske framstillingane av St. Sunniva stammar frå kystnære område i Nord-Noreg og Trøndelag, altså område

med nære handelskontaktar med Bergen. Det vart etter kvart narviktigare rolle i mellomalderbyen Bergen enn det vi til vanleg tenkjer oss, både for dei fastbuande og for tilreisande. Medvitet om Sunniva-klenodiet byen og bispedømet hadde i si varetekt må ha vore sterkt. Dette går også klart fram av utbreiinga av Sunnivakulten utanom Bergen og Selja, der Bergens handelskontaktar, og ikkje minst kystvegen, har vore sentral. Ein stor del av dei i alt 23 bevarde ikonografiske framstillingane av St. Sunniva stammar frå kystnære område i Nord-Noreg og Trøndelag, altså område

med nære handelskontaktar med Bergen. Det vart etter kvart narviktigare rolle i mellomalderbyen Bergen enn det vi til vanleg tenkjer oss, både for dei fastbuande og for tilreisande. Medvitet om Sunniva-klenodiet byen og bispedømet hadde i si varetekt må ha vore sterkt. Dette går også klart fram av utbreiinga av Sunnivakulten utanom Bergen og Selja, der Bergens handelskontaktar, og ikkje minst kystvegen, har vore sentral. Ein stor del av dei i alt 23 bevarde ikonografiske framstillingane av St. Sunniva stammar frå kystnære område i Nord-Noreg og Trøndelag, altså område

Gløymer. Vi har i dag lett for å gløyma det preget St. Sunniva og pilegrimsfarten til skrinet hennar, må ha sett på Bergen i mellomalderen. Når vi tenkjer på Nidaros eller Trondheim i mellomalderen, fell tankane lett på St. Olav. Byen og helgenkongen er uløyselig knytte til ein annan – også i dag. Derimot er det neppe mange som får dei tenkjer på mellomalderbyen Bergen, og det er i dagens bybilette heller ikkje lett å få auga

på vernehelgenen for byen. St. Sunniva har for ein stor del vore gløymd i byen som tidlegare æra henne som sin vernehelgen. Det er såleis karakteristisk at då tusenårsjubileet for Sunniva- og Seljumennene vart feira i 1996, så skjedde mest all markering i Selje, medan Bergen knapt nok registrerte at byens vernar var tusen år! Like symptomatisk er det at då Kultur- og kyrkjedepartementet i 2009 fekk utarbeida rapporten «På livets vei. Pilegrimsmotivet – et nasjonalt utviklingsprosjekt», så var ikkje Bergen i det heile nemnt som historisk pilegrimsby. Noko av forklaringa på den ulike utvik-

seg rett til å forkorte.

- Innsendte manus blir ikke returnert.
- Vårt Land betinger seg retten til å arkivere og utgi alt stoff i avisen i elektronisk form i avisas eget arkiv eller andre databaser Vårt Land har avtale med.
- Stoffet kan også gjøres tilgjengelig på avisas nettsider.

«Etableringa og lanseringa av Kystpilegrimsleden er eitt av dei tiltaka som forhåpentlegvis vil hjelpe til med igjen å få sett Bergen på det religiøse pilegrimskartet»

linga i Trondheim og i Bergen ligg utvilsamt i at Olav var ein meir populær helgen enn Sunniva, og at funksjonen som kyrkjesenter var ein større del av mellomalderbyen Trondheim enn av mellomalderbyen Bergen. Det har også i nyare tid vore lettare å oppfatte Olav som eit sterkt nasjonalt symbol. Men ein del av forklaringa må også liggje i at medan Nidarosdomen framleis står der som eit «relikvieskrin» over Olav og kan kanalisere dagens levande pilegrimstradisjon, så er det tilsvarende pilegrimsmålet i Bergen fullstendig utradert i dagens by. Mellomalderens domkyrkje, med det religiøse og historiske fokuset eit slikt byggverk ville gjeva, er heilt vekke.

Etableringa og lanseringa av Kystpilegrimsleden er eitt av dei tiltaka som forhåpentlegvis vil hjelpe til med igjen å få sett Bergen på det religiøse pilegrimskartet. Og då i ein kombinasjon med Selja og Kinn, der fokus blir lagt på kystvegen som pilegrimsrute for å nå minnestadane for dei vestnorske hovudhelgenen: Sankta Sunniva og Seljumennene.

(Forkorta versjon av foredrag 24. juli 2014 ved sjøsettinga av Kystpilegrimsleia, Bergen.)

LES OGSÅ

• side 11-15
Om den moderne **pilegrim**.